

Samspel Hordaland

2011–2015

- eit tverr-etatleg samarbeidsprosjekt om utvikling av estetikk, kunst og kultur i utdanning, opplæring og forskning i Hordaland frå barnehage til universitet

VISJON

Samspel Hordaland er tufta på ein visjon om at Hordaland skal vera ein utdanningsregion der estetikk, kreativitet, kunst og kultur pregar opplæring, utdanning og forskning på ulike nivå og i ulike samanhengar. Samspel skal vera ein strategisk allianse og ha som viktig oppgåve å etablere samhandlingsarenaer mellom utdannings- og forskingsinstitusjonar og kunst- og kulturfeltet. Samspel kan mellom anna samordna søknader om sentrale midlar.

Siktemålet er å auka rommet for kunst- og kulturfag i utdanningsløpet frå barnehage til universitet, og å leggja til rette for nyskapande prosjekt innanfor opplæring, utdanning, forskning og formidling, både i og utover Hordaland. Kunst- og kulturfag er ein viktig del av dei humanistiske faga (humaniora), derfor må siktemålet med Samspel òg vera å fremja statusen for humaniora generelt.

Samspel kan dermed gje eit rammeverk for utvikling av prosjektsøknader til nasjonale og internasjonale støtte- og finansieringssystem, og vera eit samarbeidsforum for etablering av slike prosjekt gjennom prioriteringar av eigne ressursar.

Det viktigaste målet for Samspel er å hindra marginalisering av humaniora generelt og dei praktiske og estetiske faga spesielt i utdanningsløpet, og fremja dei både som eigne fag og integrert i øvrige fag. Særleg er det eit mål å gje praktisk-estetiske fag ei sterkare forankring gjennom integrasjon med den teoretiske kompetansen som dei humanistiske faga kan tilby, særleg slike humanistiske fag som kan kallast 'estetiske': litteratur, teatervitskap og kunsthistorie.

BAKGRUNN

Vi er i ferd med å få eit skuleverk og utdanningssystem som i aukande grad marginaliserer kulturelle, kreative og estetiske læreprosessar og læringsstrategiar. Det kulturelle, estetiske, kunstnarlege og kreative ser ikkje lenger ut til å vera ein sjølvstøtt del av det allmenne skuleverket for alle barn og unge i same grad som før. Det blomstrar i staden på mange arenaer for dei få og utvalde utanfor skulen. Ei slik utvikling kan bety eit linjeskifte for opplæring, utdanning og forskning her til lands. Kva betyr denne utviklinga for utdanningsregionen Hordaland, og korleis kan vi snu den?

Denne observasjonen og desse spørsmåla er utgangspunktet for Samspel Hordaland 2011–2015. Tidlegare statsråd Tora Aasland oppmoda på startkonferansen 20.10.11 om å gå vidare med samarbeidet, ha som mål å gå føre for andre regionar i landet og påverka statlege prioriteringar. Prosjektet er initiert som eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Kulturskolerådet.

Bergen kommune og Kunst- og designhøgskolen i Bergen vil også bli invitert til å delta i Samspel. Denne gruppa av institusjonar på ulike forvaltningsnivå meiner svaret på dei spørsmåla som er stilte ovanfor, må liggja i eit sterkt fokus på danning av samarbeidsarenaer på tvers. Slike arenaer vil setja fokus på faga si viktige samfunnsrolle, bidra til politisering og lobbyverksemd, samstundes som møtet mellom fagmiljøa vil stimulera og utløysa gode prosjekt, utvikla gode samarbeidsrelasjonar og gje ny giv for estetikk, kunst- og kultur i utdanning, opplæring og forskning på Vestlandet.

Agendaen til Samspel er aktualisert gjennom ekspertgruppa for kunst og kultur i skulen som regjeringa nyleg (07.09.13) har nedsett etter anbefaling frå *Kulturutredningen 2014* og forskingsrapporten om *Den kulturelle skolesekken* frå Kulturrådet. Ekspertgruppa som består av fleire representantar frå Hordaland, skal bidra med anbefalingar som vil styrkja heilskapen og samarbeidet mellom utdannings- og kultursektoren.

UTVIKLINGSOMRÅDE. MÅLSETJINGAR

Gjennom etableringa Samspel Hordaland ynskjer vi m.a.:

- 1) *å betra situasjonen for humanistiske, praktiske og estetiske fag på ulike nivå i skulen (barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring)*

Dei praktiske og estetiske faga har ikkje lenger høg status i grunnskulen, og dei synest heller ikkje å vera viktige i skuledebatten og diskusjonane om norske elevar sin kompetanse. Innanfor høgare utdanning og forskning er biletet samansett: Morsmålsfaget er eit viktig unntak, og forskingsaktiviteten i humanistiske fag er relativt høg trass i moderat studenttilvokster. Det er likevel ingen tvil om at dei humanistiske, praktiske og estetiske faga, som i læreplanane for Kunnskapsløftet er tiltenkte ei sentral rolle i utvikling av elevar sin kreativitet, skapande og kulturelle kompetanse, er komne i skuggen av nasjonale og internasjonale kompetansemålingar og tilhøyrande prioriteringar innanfor andre fag.

- 2) *å betra situasjonen for dei humanistiske, praktiske og estetiske faga i lærarutdanninga*

Den nye grunnskulelærarutdanninga har større vektlegging enn før på heilskap, på det faglege og på djupne innanfor basisfaga, men dei nye rammene for lærarutdanninga skapar vanskelege kår for estetikk og kunst- og kulturfaga. Slike vanskar synest like mykje å vera eit resultat av dei vala som er gjort med omsyn til systemiske rammer og økonomi, som politiske og faglege intensjonar frå styresmaktene. Framtidige lærarar på ulike nivå er ikkje lenger trygge på å bli uteksaminerte med gode kunnskapar, med dugleikar og generell kompetanse knytt til kreative og estetiske læreprosessar og med praktisk og teoretisk kultur- og tradisjonskunnskap. Dei kan heller ikkje vera trygge på å få gode kroppsrelaterte dugleikar og repertoar som utøvande lærarar (stemme, rørsle, mimikk, rolle) og på å få god kunnskap om og dugleikar i kulturformidling og fleirkulturell tilrettelegging.

Lærarkompetanse i dei humanistiske, praktiske og estetiske faga er ein føresetnad for grunnskulen sitt arbeid med å oppfylla krava i læreplanen til dei aktuelle faga. I tillegg er fagkompetanse her avgjerande for at elevane får tilsikta utbyte av tiltak som supplerer grunnskulen si undervisning på kunst og kulturområdet, t.d. kulturskulen, Den kulturelle skolesekken og ulike formidlingstilbod.

Opptaket til studieåret 2012/13 illustrerer den vanskelege situasjonen for dei estetiske faga innanfor høgare utdanning. Svært mange studieplassar står ledige. Dette forsterkar tendensen frå dei siste åra. Samspel Hordaland har i ulike samanhengar teke denne uheldige utviklinga opp med sentrale styremakter. Vi vil halda fram dette arbeidet.

3) å styrkja samhandlinga om utdanning og opplæring mellom skuleverket og kunst- og kulturlivet gjennom nye og forpliktande samhandlingsarenaer og felles visjonar

Skuleverket og kulturfeltet i Hordaland møter innbyggjarane i fylket i ulike fasar av livet. Dei som ein dag er barn i barnehagen eller elevar på ungdomstrinnet, er også ein annan dag eller seinare i livet publikum i konsertsalen, bedriftstilsette i ein stadig meir fleirkulturell kontekst, eller konsumentar av kultur på andre arenaer. I dag opererer skule- og kulturliv ofte på ulike arenaer, med parallelle, men ikkje samordna, aksjonar retta mot barn og unge. Også i skuleverket og i kulturlivet er det lite vekt på samordning, felles visjonar, gjensidig informasjon, felles utnytting av midlar, og samordning av tiltak. Samstundes veit vi at det finst mange regionale, nasjonale og internasjonale finansieringskjelder for etablering av ulike prosjekt innanfor skule- og kulturfeltet.

Ved å etablere samarbeidsarenaen Samspel Hordaland ynskjer initiativtakarane å bli meir målretta, samordna og nyskapande med sikte på å etablere samarbeidsprosjekt om estetikk, kunst og kultur i utdanning og opplæring i Hordaland innanfor disiplinær som til dømes litteratur, scenekunst, multimediale uttrykk, arkitektur og design.

4) å styrkja kunst- og kulturfag som del av ei generell satsing på humaniora i det norske samfunnet

Dei humanistiske faga må stå sterkt i høgare utdanning og forskning i regionen vår, men både i landet vårt og ute i Europa er dei òg til dels på vikande front. Noko av forklaringa på den norske situasjonen er at styresmaktene dei siste åra har hatt sterkt fokus på real- og teknologifag. Samspel Hordaland meiner at dette må kunne gjerast utan at dei humanistiske faga mister prestisje og ressursar.

Vi vil også trekkja fram samanhengen mellom det samla studietilbodet i Noreg og nasjonale og internasjonale konjunkturar. Det er ikkje meir enn 10–15 år sidan det t.d. var stort overskot på ingeniørar. Ingen ynskjer nedgangstider, men vi må passa på at nasjonen ikkje svekkjer dei humanistiske faga i noverande oppgangstider. Som kjent slit dei fleste landa utanfor Noreg, og dårlege tider kan fort ramma også oss.

I ein slik situasjon er det meir enn nokon gong nødvendig 1) å oppretthalda og utvikla dei humanistiske faga og kunst- og kulturfag og 2) stimulera forskinga innanfor desse faga.

ORGANISERING

Samspel Hordaland har eit femårig tidsperspektiv på samarbeidet, med følgjande overskrifter:

2011 Etablering og drøfting av nasjonale og regionale rammer på politisk nivå og forvaltningsnivå

2012 Synleggjering av regionalte, nasjonale og internasjonale aktørnivå, innspel og prosjektutvikling. Vekt på samspelet mellom kulturskule og grunnskule

2013 Samspel om forskning. Vekt på regionalt brukarnivå, prosjektgjennomføring og regional og nasjonal spreing

2014- 2015 Synleggjering på nasjonalt og internasjonalt samhandlingsnivå som grunnlag for permanent drift og ny utvikling.

Samspel er organisert med ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå initiativtakarane til samarbeidet og eventuelt nye medlemmer. Leiar for styringsgruppa er rektor ved Høgskolen i Bergen, og sekretariatet er lagt til Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon ved Høgskolen i Bergen. Styringsgruppa møter minst ein gong per semester. Arbeidsgruppa møter om lag ein gong per månad. Eigarane vel fast medlem og vara til styringsgruppa og arbeidsgruppa.

Samspel har kvart samarbeidsår ein samlande konferanse, Samspel 2011, 2012, osv. som sentral møtestad.

Hovudprosjektet er organisert som eit overordna og inkluderande paraplyprosjekt, der nye delområde kan leggjast til og etablera seg som ein del av denne samarbeidsarenaen.

Samspel Hordaland vil også kvart år i mai samla alle aktørane innanfor kunst- og kulturfeltet i Hordaland til felles drøfting. Den første samlinga vart skipa 04.05.12 med fokus på kunst- og kulturformidling til barn og unge.